



Nordhordland Veteranbåtlag

5991 Ostereidet • www.nhvl.org • Konto 3640 07 25211

Meland kommune
Postboks 79
5906 Frekhaug

Ostereidet, 24. februar 2015

D/S OSTER – Søknad om støtte.

Nordhordland Veteranbåtlag (NHVL) vil takka Meland kommune for tidlegare støtte for å restaurere og tryggje båten si framtid som operativt maritimt kulturminne i Nordhordlandsregionen. Driftssesongen 2014 har vore god for D/S OSTER, og båten ligg no i vinteropplag.

D/S OSTER er eit viktig innslag i heile regionen der båten bidreg til fremming av eit levande maritimt miljø, og til utbreiing og oppbygging av maritim interesse og kompetanse. Gjennom "open båt" ved kaien i Bergen, eller gjennom informasjon og aktivitetar på sine turar til fleire kommunar i området er D/S OSTER eit operativt maritimt kulturminne som bidreg til å styrke det maritime miljø i regionen. I om lag fire månader av året (mai - september) blir D/S OSTER leigd ut til ulike arrangement, både private og opne for alle.

Som det framgår av vedlagt årsmelding for 2013 så gjekk Laget med eit lite underskot dette året. Tilsvarende viser seg også for 2014. NHVL har sidan båten vart erklært ferdig restaurert i 2005 imidlertid klart å byggje opp eit fond, "kjelefondet", med eige styre og vedtekter som forsikring for skade og havari av dampkjelen. Dette fondet kan ikkje nyttast til anna vedlikehald, og skal vere ei sikkerheit for at båten ikkje skal miste ein heil driftsesong dersom uhellet skulle vere ute, eller alderen på kjelen krev utskifting.

Som det framgår av vedlagt liste over reparasjonar og utbetringar/nødvendig nytt utstyr som må gjerast før seglingssesongen startar i mai 2015, så stipulerer vi materialkostnadene til om lag kr 480.000. Med takk for tidlegare støtte så vender NHVL seg atter til Meland kommune med førespurnad om eit tilskot i storleiksorden **kr. 5.000**. Vi vil som alltid vere interessert i tilbakemelding frå kommunen om de ønskjer eit opplegg med D/S OSTER i samanheng med lokale arrangement eller maritime/kulturhistoriske undervisingplanar.

Med vennleg helsing

Tor Bjørgås
Leiar i NHVL

Kjell Nedreaas
Koordinator for finansiering og økonomi

Vedlegg: 1. Større prosjektkostnader fram til sesongen 2015
2-5. Tilbod på arbeid og utstyr
6. Årsmelding 2013
7. Kalendar 2015



VEDLEGG 1

Ostereidet, 31. oktober 2014

NORDHORDLAND VETERANBÅTLAG – Større prosjektkostnader på D/S OSTER fram til sesongen 2015**Prosjekt Skrog:**

- Slippsetjing 2 dagar, inkl. bunnsmøring og skifte anodar	kr. 60.000
- Utskifting av spant og hud i skuteside (sjå vedlegg)	kr. 78.250
- Reparasjon av spant i maskinrom akter (sjå vedlegg)	kr. 42.000

Prosjekt Maskin og Elektro:

-Utskifting av straumaggregat (sjå vedlegg)	kr. 150.000
-Rekondisjonering av høgtrykksleide (sjå vedlegg)	kr. 5.000
-Nytt landstraumskap inkl kablar og rør (delvis brukt utstyr)	kr. 20.000

Prosjekt Dekksutstyr:

- kjøp av 120 meter ankerkjetting (20 mm)	kr. 20.000
---	------------

Prosjekt Sikkerheit:

- gjennomgang og reparasjon av 3 stk handheldte VHF	kr. 7.500
- resertifisering av 4 stk oppblåsbare flåtar	kr. 40.000
- kjøp av 4 nye overlevingsdrakter	kr. 20.000

+ 10% margin	kr. 44.275
--------------	------------

Dugnadsinnsats i samband med prosjekta nemnt ovanfor Ca. 500 timar a kr. 200	kr. 100.000
---	-------------

Sum:	<u>kr. 587.025</u>
-------------	---------------------------

- finansiert av egne midlar	kr. 100.000
-----------------------------	-------------

Rest, sum omsøkt stønad	<u>kr. 487.025</u>
-------------------------	---------------------------

Tor J. Bjørgaas
Leiar i Nordhordland Veteranbåtlag

Odd Tepstad
Nestleiar